



Knarvik Nord Båtlag
Knarvikgarden 49
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1948 - 17/22735

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
17.08.2017

Manglar i søknad om deling - gbnr 121/1, 121/2, 121/5 og 121/6 Knarvik

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om frådelling av areal med kai og kommunal veg. Søknaden vart motteken 20.06.2017, og vi beklagar sein tilbakemelding.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Signatur på søknad

Søknaden skal vera signert av alle heimelshavarane til gbnr 121/1, 2, 5 og 6. Eller det må leggest fram fullmakt som er signert av alle eigarane.

Grunngjeven søknad om dispensasjon

må sendast inn. De må søka om dispensasjon frå byggeforbodet i strandsona etter plan- og bygningslova § 1-8.

Byggeforbod i strandsona

Etter siste tolkingsbrev frå departementet (vedlagt) gjeld det generelle byggeforbodet i 100-metersbeltet over alt dersom det ikkje er vist ei spesifikk byggegrense i kommuneplan eller reguleringsplan. Sjå vedlagt dispensasjonsrettleiars, som også inneheld eit enkelt søknadsskjema som de kan bruka, eller de kan skriva eit eige brev.

Dispensasjonssøknad skal i utgangspunktet nabovarslast. I denne saka kan vi unnta frå ekstra nabovarsling av dispensasjonssøknad, fordi det ikkje er registrert nabomerknader til delingssøknaden. Vi sender saka på høyring til fylkesmannen til uttale før vi kan handsama søknaden.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **innan 17.09.2017**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

dispensasjon

Byggeforbudet i 100-metersbeltet langs sjøen - ny 2017

Kopi til:

Ove Ingve Knarvik
Vegavdelinga

Knarvikgarden 71 5955

LINDÅS

Mottakarar:

Knarvik Nord Båtlag

Knarvikgarden 49 5955

LINDÅS